

Skulemusikken med seminar og basar.

19.11.2016



Flinke kornettistar i skulemusikken

Denne helga vert det mykje korpsmusikk, eller rettare sagt sjørøvarmusikk, i skulen. I dag og i morgen har dei flinke musikantane i Uskedal skulemusikk seminar i skulen før dei avsluttar musikkhelga med konsertavdeling på den årlege basaren. Basaren vert som dei siste åra avvikla i Aktivitetshuset. Den startar kl.16 søndag ettermiddag.



Søndag stiller Tobias, Helene og Malena som sjørøvarar.

Det er sjørøvaramusikk som står på repertoaret i helga. Då eg var innom seminaret i halv elleve tida lørdag føremiddag var det 'Pirates of the caribbean' som stod på notestativet. Notane er nyleg komne, og konsertavdelinga søndag vert ein forsmak eller teaser på ein større temakonsert til våren. Det er litt færre musikarar i korpset denne hausten, men dei som spelar, er svært flinke og gjer ein kjempejobb! Ekstra gledeleg er det derfor at det er heile 6 aspirantar dette året, og meldingane frå lærar Linas Dakinevicius fortel at dei er svært flinke.

Innimellan all øvinga vert det både matpausar og fruktpausar. Lørdag får musikarane servert taco medan det søndag er pizza som står på menyen.

Elles byr basaren på både gode kaker og spenning. Det vert 2 åreomgangar og ein runde med talongbøker med mange flotte gevinstar. Skulemusikken er svært takksame overfor alle som har gjeve gevinstar. Det vert også mogeleg å få kjøpt dei populære adventskalenderane.

Vi glieder oss til ei fin stund med spenning saman med 'sjørøvarane' i skulemusikken!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland